

## Grasrotmidlar til ni lag i Uskedalen.

14.05.2020



Uskedal Idrettslag med sine anlegg og aktivitetar toppar lista for Grasrotandelen i Uskedalen ( Arkivfoto ).

**Den fyrste utbetalinga av grasrotmidlar kjem i desse dagar. Ni lag og organisasjonar i Uskedalen er registrert i Frivilligregisteret og er godkjend for Grasrotandelen. Midlane kjem frå Norsk Tipping og har sin bakgrunn i kor mange som tippar og som har lagt inn kva lag deler av innsatsen skal gå til. I overkant av kr. 800.000,- går til grasrota i Kvinnherad. Det er ein nedgang frå året før.**

Uskedal Idrettslag toppar lista av Grasrotandelen i Uskedalen med heile kr. 30.886,- overført på deira konto.

Etter Uskedal Idrettslag kjem desse laga i rett rekkjefylgje:



Uskedal Ungdomslag vert tildelt kr. 5.945,- frå Grasrotandelen. Foto frå Haustfesten 2019.

- Uskedal Skulemusikk
- Uskedal Ungdomslag
- Røysterett for Alle
- Festidalen
- Uskedal Helselag
- Uskedal Friluftslag
- Uskedal Utvikling
- Uskedal Musikklag

Totalt vert det overført rundt kr. 60.000,- til lag og organisasjonar i Uskedalen.

Tekst//nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto